



Fedje kommune

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 08.06.2021
Møtestad: Skarvøyana/Slissøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 20:30

Møtet vart strømma på kommunen sine Facebooksider. Me anbefalte innbyggjarar og andre interesserte å følgje møtet der.

Formannskapet gjennomførte årleg utviklingsamtale med rådmannen etter møtet.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap

Møtedeltakarar vara	Parti
Paul Gunnar Gullaksen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Marit Solbakk Øien	Frp

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Annika Tvedt Villanger, Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Helge Stormoen, Jan Torry Sande, Kristin Handeland, Nadine Gutte-Preusse, Stine Waage, Øyvind Tolleshaug

Sakliste

Saknr	Tittel
040/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
041/21	Godkjenning av møtebok
042/21	Referatsaker
043/21	Delegerte saker
044/21	Delegerte saker teknikk og miljø
045/21	Informasjon til valstyret
046/21	Oppnemning av røystestyre og valmedarbeidarar stortingsvalet 2021
047/21	Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2020
048/21	Tertialrapport 1. januar - 30.april 2021
049/21	Rapport om situasjonen på sjukeheimen med nedbemanning
050/21	Budsjettregulering etter 1. tertial
051/21	Kompensasjonsordning til lokale virksomheter - vurdering av søknader - Covid-19
052/21	Søknad om støtte frå dugnadsfondet
053/21	Endring av planstrategien - Kommunedelplan for "Øyane"
054/21	Byggesak - Gnr. 168 Bnr. 457- søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for å kunne bygge einebustad
055/21	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen ved gjenoppbygging av naust, samt utlegging av flytebrygge med landgang, ved Stormark Havn
056/21	Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaien. Klage på ny handsaming av saka.
057/21	Status framdrift legeteneste
058/21	RNH - Fag og tenesteutvikling
059/21	Rullering av vedtekter Fedje barnehage
060/21	Møteplan for formannskap og kommunestyre haust 2021

040/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 040/21 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

041/21: Godkjenning av møtebok

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 041/21 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

042/21: Referatsaker

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

Rådmannen gav følgjande munnlege orienteringar:

- Nokre av bedriftene har av ulike årsaker vorte forseinka i rapporteringa som vart kravd i F-080/20 (næringsstøtte). Rådmannen bad om utvida frist for bedriftene.
- Innleige av Vismakonsulent for køyring av lønn i juni

- Rådmannen bad om formannskapet si tilslutning til å gjennomføre eit budsjettseminar i månadskiftet august/september. Formannskapet var samde, og sa at mogleg å få til i veke 34.
- Rådmannen v/samfunnsplanleggar orienterte om status for prosessen med reguleringsplan for Koppersevja.

F - sak 042/21 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering, med følgjande tillegg:

Frist for endeleg dokumentering av framdrift frå bedriftene som vart tildelt støtte i formannskapssak 080/20 vert utsett til 18.oktober 2021.

Samrøystes vedteke.

043/21: Delegerte saker

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 043/21 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

044/21: Delegerte saker teknikk og miljø

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 044/21 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

045/21: Informasjon til valstyret

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 045/21 Vedtak:

Valstyret tek endringane i vallova for stortingsvalet 2021 til vitande.

Samrøystes vedteke.

046/21: Oppnemning av røystestyre og valmedarbeidarar stortingsvalet 2021

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 046/21 Vedtak:

Valstyret oppnemner følgjande røystestyre for stortingsvalet 2021

Stine Waage (leiar)

Roy Asle Tunglund (nestleiar)

Tone Sævi

Ingmar Stuberg

Ove Villanger

Merete Blomvågnes

Arild Salte

Vara til røystestyret (i tilfeldig rekkefølge):

Øyvind Tolleshaug, Charlotte Vik, og Jan Torry Sande

Som røystemottakarar vert i tillegg følgjande oppnemnt:

Gjermund Hagesæter

Øyvind Tolleshaug

Jan Torry J. Sande

Kristin Handeland
Dagrun Gunnarson
Signe Råheim
Charlotte Vik
Beate Hop
Bjarte Villanger
Mona Vabø
Annika Villanger
Anita H. Villanger

Samrøystes vedteke.

047/21: Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2020

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 047/21 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2020 slik det ligg føre. Rekneskapsmessig overskot vert avsett til fond.

Samrøystes vedteke.

048/21: Tertialrapport 1. januar - 30.april 2021

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 048/21 Vedtak:

Fedje kommune tek første tertialrapport 2021 til vitande.

Samrøystes vedteke.

049/21: Rapport om situasjonen på sjukeheimen med nedbemanning

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 049/21 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Samrøystes vedteke.

050/21: Budsjetregulering etter 1. tertial

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 050/21 Vedtak:

Budsjett 2021 vert endra i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

051/21: Kompensasjonsordning til lokale virksomheter - vurdering av søknader - Covid-19

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

Hans Erik Waage bad om å få vurdert sin habilitet sidan han er sønn av eigar til Fedje taxi, ein av søkjarane. Waage gjekk ut av møtet medan habiliteten vart vurdert. Waage vart samrøystes vedteke å vere ugild etter forvaltningslova § 6 b). Vara Gidske Kolltveit trådde inn i møtet for å handsame saka.

Felles framlegg til vedtak:

Følgjande søkjarar får tildelt støtte frå kompensasjonsordning for lokale verksemder i samband med Covid-19:

Fedje Taxi - tilskot kr 100 971
Jostein Husa (Sankaren) - tilskot kr 47 670
Fedje servering AS - tilskot kr 200 000
Land og Strand Eiendom - tilskot kr 151 359

Dei andre søkjarane får avslag på søknaden. Søknaden er ikkje innafor retningslinjene som gjeld denne kompensasjonsordninga for inntektsbortfall, fordi søknadane deira gjeld nye tiltak.

Tilskota vert tildelt i tråd med retningslinjene som vart vedteke i kommunestyresak 020/21.

Samrøystes vedteke.

F - sak 051/21 Vedtak:

Følgjande søkjarar får tildelt støtte frå kompensasjonsordning for lokale verksemder i samband med Covid-19:

Fedje Taxi - tilskot kr 100 971
Jostein Husa (Sankaren) - tilskot kr 47 670
Fedje servering AS - tilskot kr 200 000
Land og Strand Eiendom - tilskot kr 151 359

Dei andre søkjarane får avslag på søknaden. Søknaden er ikkje innafor retningslinjene som gjeld denne kompensasjonsordninga for inntektsbortfall, fordi søknadane deira gjeld nye tiltak.

Tilskota vert tildelt i tråd med retningslinjene som vart vedteke i kommunestyresak 020/21.

Samrøystes vedteke.

052/21: Søknad om støtte frå dugnadsfondet

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

Felles framlegg til vedtak:

Fedje Landhandleri v/ Reidar Bøen får opp til 7500 kr frå dugnadsfondet til materiell til oppgradering i tråd med søknaden. Tilskotet vert utbetalt etter framlagte kvitteringar til kommunekassa.

F - sak 052/21 Vedtak:

Fedje Landhandleri v/ Reidar Bøen får opp til 7500 kr frå dugnadsfondet til materiell til oppgradering i tråd med søknaden. Tilskotet vert utbetalt etter framlagte kvitteringar til kommunekassa.

Samrøystes vedteke.

053/21: Endring av planstrategien - Kommunedelplan for "Øyane"

Formannskapet 08.06.2021

Endring av planstrategien, kommunedelplan for øyane., foreslått av Stian Herøy, Høgre
Saka her er at ein ønskjer å sjå på om det er mogleg å bruke delar av øyane til ei framtidig vindmøllepark. Eit samla formannskapet ønskjer ikkje å gå vidare med denne saka.

Eg vil på formannskapet sine vegner tydeleg seie nei til vindmøller då det kan øydelegga for andre prosjekt som kommunestyret har vorte orientert om. Som ein konsekvens av dette vil me seie nei til forslaget til endring av planstrategien.

Eg vil og på vegne av formannskapet varsle at me vil reise sak i kommunestyret der me ber om at ein stoppar vidare arbeid med vindmøller på alle plan, jf. Sak 17/20.

Behandling:

Framlegget frå Stian Herøy (H) var eit felles framlegg frå formannskapet.

F - sak 053/21 Vedtak:

Saka her er at ein ønskjer å sjå på om det er mogleg å bruke delar av øyane til ei framtidig vindmøllepark. Eit samla formannskapet ønskjer ikkje å gå vidare med denne saka.

Eg vil på formannskapet sine vegner tydeleg seie nei til vindmøller då det kan øydelegga for andre prosjekt som kommunestyret har vorte orientert om. Som ein konsekvens av dette vil me seie nei til forslaget til endring av planstrategien.

Eg vil og på vegner av formannskapet varsle at me vil reise sak i kommunestyret der me ber om at ein stoppar vidare arbeid med vindmøller på alle plan, jf. sak 17/20.

Samrøystes vedteke.

054/21: Byggesak - Gnr. 168 Bnr. 457- søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for å kunne bygge einebustad

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 054/21 Vedtak:

Fedje kommune gjev dispensasjon til å gjennomføre tiltak på LNFR- området på gnr 168 bnr. 457, så lenge tiltak ligg minst fem meter frå flomål.

Samrøystes vedteke.

055/21: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen ved gjenoppbygging av naust, samt utlegging av flytebrygge med landgang, ved Stormark Havn

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

Hans Erik Waage bad om å få vurdert sin habilitet sidan han er nevø og nærmaste nabo av søkjar. Waage gjekk ut av møtet medan habiliteten vart vurdert. Waage vart samrøystes vedteke å vere ugild etter forvaltningslova § 6, andre ledd. Vara Gidske Kolltveit trådde inn i møtet for å handsame saka.

F - sak 055/21 Vedtak:

Fedje kommune gjev dispensasjon for heile tiltaket slik det vert søkt.

Samrøystes vedteke.

056/21: Flytebrygge ved gnr. 168, bnr. 16 ved fergekaien. Klage på ny handsaming av saka.

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 056/21 Vedtak:

Formannskapet står fast på vedtaket i sak 012/21 den 9. februar i år. Saka går til statsforvaltaren som klageinstans.

Samrøystes vedteke.

057/21: Status framdrift legeteneste

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 057/21 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Samrøystes vedteke.

058/21: RNH - Fag og tenesteutvikling

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 058/21 Vedtak:

Fedje kommune sluttar seg til forslag til organisering og kostnadsramme for 5-årig prosjektstilling til koordinering og leiing av samarbeid om fag- og tenesteutvikling.

Fedje kommune sluttar seg til forslag til fordelingsnøkkel og godkjenner del årlege kostnadar knytt til denne funksjonen.

Samrøystes vedteke.

059/21: Rullering av vedtekter Fedje barnehage

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 059/21 Vedtak:

Fedje kommune godkjenner endringane i vedtekter slik dei ligg i saka.

Samrøystes vedteke.

060/21: Møteplan for formannskap og kommunestyre haust 2021

Formannskapet 08.06.2021

Behandling:

F - sak 060/21 Vedtak:

Møteplan for haust 2021 vert som følgjer:

Formannskap: 7. september og 19. oktober kl. 17.15.

23. og 25. november kl. 09.00

Kommunestyret: 16. september og 28. oktober kl. 18.30

9. desember kl. 17.15

Samrøystes vedteke.
